

7

Norsk maalsoga for skule og heim

- a digital facsimile edition from *Project Runeberg*<http://runeberg.org/maalsoga/0007.html>

— 7 —

store bokrike; men for oss nordmenn er sjølv-sagt vaart eige gamle maal det fremste til opplysning um morsmaalet som det er no. Det gamle norske formverket liver enno i *islandsk*, som i so maate er eit *gamalnorsk maalføre*. Ogso *Færøymaalet* er eit *norsk maalføre*; det ligg liksom millom gamall og ny norsk. Desse tvo maali høyrer soleis i grunnen med til vaar eigen norske maalheim i ei større omsyn.

* * *

Elles er det *norske* maalet mest likt *svensk* og dinæst *dansk*. Alle desse tri maali er kvister paa den *germanske* maalgrein, som ogso *tysk*, *hollandsk* og *engelsk* høyrer til.

Her er nokre ord som syner skyldskapen millom desse maali:

norsk	svensk	dansk	hollandsk	engelsk	tysk
fa(de)r	fa(de)r	fa(de)r	vader	father	vater
mo(de)r	moder	moder	moeder	mother	mutter
son	son	søn	zoon	son	sohn
dotter	dotter	datter	dochter	daughter	tochter
auga	öga	öje	oog	eye	auge
hjärta	hjärta	hjärte	hart	heart	herz
hand	hand	haand	hand	hand	hand
fet	fot	fod	voet	foot	fuß
is	is	is	ijs	ice	eis
hu	ko	ko	ko	cow	kuh
hus	hus	hus	huus	house	haus
hata	hata	hade	haten	hate	hasien
saapa	såpa	såbe	zeep	soap	seife
rik	ek	eg	eek	oak	eiche
draum	dröm	drøm	droom	dream	traum
drøyma	drömma	drømme	drömen	dream	träumen

Den *germanske* maalgreini høyrer til ei stor maalætt som me kallar den *indo-europæiske*, og som breider seg utyver mesteparten av Europa og Vest-Asia. Andre maalgreiner av denne same maal